

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Juledag – 25. desember 2018

Preiketekst: Joh 1,1-14

Lesetekst I: Ordt 8,1-2, 22-31

Lesetekst II: Hebr1,1-6

Ein festtekst til ein festdag

Preiketeksten juledag er så vakker og så meningsmetta, at det er nok å lesa den, og lesa den om igjen og om igjen. Men eg får prøva å nærma meg teksten i respekt.

Evangelisten Johannes har skriva eit poetisk meisterverk for å fortelja det overveldande nyhende at Gud har vorte menneske i Jesus og at han har teke bustad mellom menneska på jorda. Johannesprologen er Johannes sin måte å fortelja det glade juleevangeliet på.

Vi står i undring, tilbeding og meditasjon framfor den Gud som bøyer seg så djupt for å gje menneskeslekta nytt håp.

Tilbake til før byrjinga

Vi går tilbake til før byrjinga, til opphavet, då ingenting var. Då var Gud, saman med Gud var Ordet, ja, Ordet var Gud. Ved dette Ordet skapte Gud alt som er skapt. Jesus var det Ordet som var med ved skapinga. Johannes seier at "Alt vart til ved han, og utan han vart ikkje noko til" (1,3). "Han er før alt, og i han blir alt halde saman." (Kol 1,17)

Gud vert menneske

Julenatta vert Jesus alt det vi er, for at vi skal verta alt det han er. Vi anar kor stort det er å vera menneske, for det er menneske Gud vert. "Ingen har nokon gong sett Gud, men den einborne, som er Gud, og som er i fanget til Far, han har synt oss kven han er." (1,18)

Gud er framleis usett. For israelittane i GT var det ulovleg å avbilda Gud, det var heller ikkje lov å seia Guds namn høgt. Men Gud gav seg til kjenne og vi kan vitna om han, både i ord og bilete. Våre ord og bilete viser ikkje det usynlege hjå Gud, men det som vart synleg i Betlehem. Jesus openberrar Gud for oss menneske. "Han er utstrålinga av Guds herlegdom og biletet av hans vesen, og han ber alt med sitt mektige ord." (Hebr 1,3)

Liv og lys

Då Jesus kom til jorda frå Gud, kom han med liv og lys. Han var Gud og han vart menneske, han kom med alt som var Guds for å gje det til oss menneske.

Han er lyset som skin i mørkret, eit lys som ikkje kan overvinnast av mørkret fordi Jesus er sterkare enn mørkret, til stades då mørkret måtte vika for lyset, i skapingsmorgonen.

Mange hadde opp gjennom århundra tala til folket om han som skulle koma for å frigjera folket. Johannes Døyparen var ein av dei, den siste; han var bodberaren med den spesielle oppgåva å rydda vegen for Jesus. Han kom for å vitna om lyset, som var på veg til å openberra seg for menneska. Sjølv var han ikkje lyset, men vegryddar for lyset og bodberar om lyset var han.

Det sanne lyset, som ber namnet Jesus, kom i menneskeskapnad. Han kom med håp til kvart

einaste menneske, heile verda og kvart enkelt menneske var hans mål. Men dei kjende han ikkje. Forstod ikkje kven han var.

Til sine egne, til alle

Jesus vart fødd som jøde, av jødisk mor, på jødisk jord. Dei som i århundra hadde fått budskapet om ein Messias som skulle frigjera dei, var jødar. Men dei kjende han ikkje då han kom. Han var så annleis, han handla så annleis, han talte så annleis. Han passa ikkje inn i det biletet dei hadde av Messias. Dei tok ikkje i mot han, dei forkasta han.

Men Jesus kom til alle, det song engelen om julenatt: ”Ver ikkje redde! Sjå eg kjem med bod til dykk om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er fødd dykk ein Frelsar i davids by. Han er Messias, Herren.” (Luk 2,10)

Jesus kjem til alle, og alle som tek imot han, gjev han rett til å verta Guds born, ”dei som trur på namnet hans.” (1,12)

”Tok bustad mellom oss”

V 14 seier i klartekst kva som er innhaldet i trua vår, kva som er essensen i kristendommen, kva som er juleevangeliet: Inkarnasjonen.

Jesus, han som er Gud og som var delaktig ved skapinga, han kom til jorda som eit menneske og tok bustad mellom oss. Han er her mellom oss, og han er nær. Vi ser Jesu herlegdom, gjennom den ser vi Guds herlegdom, den er full av nåde og sanning. Den som trur, den som tek imot Ordet, får del i denne Guds grenselause kjærleik som er ei gratis gåve.

I middelalderen tala dei om Jesu trefaldige fødsel: Jesu fødsel før verda og tida vart til, slik den Nikenske trusvedkjenninga seier: Fødd av Faderen før alle tider. Jesu fødsel i tida og verda gjennom Den Heilage Ande av jomfru Maria. Jesu fødsel i menneskehjarto ved Den Heilage Ande si kraft.

Mysteriet

Jula gjev oss høve til å nærma oss mysteriet i tilbeding og i undring. Vi tilber det forsvarslause barnet, som åleine har all makt i himmel og på jord. Vi lovsyng han som er udødeleg, men som vart dødeleg for at vi skulle få evig liv. Vi bøyer oss i undring innfor han som har trona si i himmelen, men som ser mot oss frå dyra si matkrybbe.

*Herrens under her me ser,
Ved Guds Ande dette skjer.
Livsens ord frå himmerik
Vert i kjøt og blod oss lik.*

*Utan synd han boren er
Som all synd for verdi ber.
Han er både Gud og mann,
Alle folk han frelsa kan.* NoS 2, v2, v3

Alvhild Vassel Eide

Pensjonist. Tidlegare misjonær i Kamerun og i Bergen krins / region Bjørgvin i NMS.

alvhild.vassel@gmail.com